

**Avtale mellom**

**xx kommune og Helse Førde HF**

**Samarbeid om turnustjeneste for legar**

# Avtale om samarbeid om turnusteneste for legar i Helse Førde og kommunar i Sogn og Fjordane

## 1. Partar

Avtalen er inngått mellom xx kommune og Helse Førde HF.

## 2. Bakgrunn

I desember 2012 vedtok Helse- og omsorgsdepartementet forskrifter for den nye turnusordninga for legar. Målomtale og innhald i turnustenesta skal vidareførast som før.

- *Forskrift om spesialistgodkjenning av helsepersonell og turnusstillinger for leger.*  
Etter forskrifta skal kommunen og helseføretak eller sjukehus samarbeide om å lyse ut turnuslegestillingar kobla, slik at den som blir tilsett får høve til å gjennomføre turnusteneste.
- *Forskrift om veiledet tjeneste for å få adgang til å praktisere som allmenlege med rett til trygderefusjon.*  
Forskrifta seier m.a. at legar må ha gjennomført turnusteneste for å kunne praktisere som allmenlege og delta i legevakt.

Hovudelement i ny turnusordning for legar:

- Den nye ordninga er søknadsbasert i tråd med arbeidslivet sine reglar.
- Alle som har (eller kvalifiserar for) autorisasjon eller turnuslisens, og som ikkje tidlegare har gjennomført norsk turnustjeneste, kan søke stillingane.
- Turnusstillingane er tidsavgrensa og kobla mellom helseføretak og bestemte kommunar. Turnus for legar vil framleis vere 18 månader, med 12 månader i sjukehus og 6 månader i kommunehelseteneste. Læringsmål og rettleiing er vidareført uendra.
- Ledige turnusstillingar skal lysast ut sentralt gjennom Helsedirektoratet sin turnusportal, og tilsettast lokalt i helseføretak og kommunar.
- For å få godkjent turnustenesta, må legen ha søkt turnusstillinga gjennom Helse-direktoratet sin turnusportal. Ingen andre tilsettjingsformer kvalifiserar for godkjent turnusteneste.
- Kandidatar kan søke på så mange stillingar dei vil, ved å sende ein søknad per utlysing.
- For å sikre at alle helseføretak/sjukehus i landet skal få nok søkjarar til sine stillingar, er det i den nye ordninga lagt opp til to søknadsrunder, der rekrutteringssvake område vert utlyste først.
- Staten skal styre fordelinga av turnusstillingar for å sikre god legefording i heile landet.
- Tal turnusstillinger er vidareført i den nye ordninga (950 årleg).

### 3. Føremål

- Legge til rette for at turnuslegen gjennom arbeid som lege under særskilt rettleiing, opplæring og observasjon skal få naudsynt erfaring og praktisk rutine for å sjølvstendig kunne utføre eiga legeverksemd på ein forsvarleg måte.
- Bidra til å sikre framtidig rekruttering av legar til helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane gjennom eit samarbeid mellom partane som kan danne grunnlag for ei god samla turnusteneste.

### 4. Ansvarsfordeling

#### Hesledirektoratet

Hesledirektoratet har det overordna ansvaret for den nye turnusordninga for legar. Hesledirektoratet har også det administrative og praktiske arbeidet med turnusportalen. Hesledirektoratet fastset kor mange turnusstillingar som skal opprettast i helseføretak og i kommunane.

Direktoratet fordeler tal turnusstillingar i helseføretak til kvar av dei regionale helseføretaka. Dei regionale helseføretaka fordeler så det tildelte tal turnusstillingar innan helseregionen til helseføretaka.

#### Fylkesmannen

Det enkelte fylkesmannsembete har ansvaret for å opprette og godkjenne turnusstillingar i kommunehelsetenesta, og skal bistå helseføretak og kommunar i sitt fylke i arbeidet med kobling av turnusstillingane.

#### Helseføretak og kommune

Helseføretak og kommune har ansvaret for tilsetjing av turnuslegar. Forskrifta pålegg partane i samarbeid å lyse ut turnuslegestillingar kobla, slik at den som vert tilsett får anledning til å gjennomføre ei samla turnusteneste.

Helseføretaket har arbeidsgjevaransvaret for turnuslegane når dei er tilsett i helseføretaket, og kommunane har arbeidsgjevaransvaret for turnuslegane når dei er tilsett i kommunen.

Turnusteneste i kommunehelsetenesta kan ikkje startast før sjukehursturnus er godkjent. Dokumentasjon på godkjent sjukehursturnus skal framvisast til personleg rettleiar i kommunen før turnus i kommunen kan startast.

### 5. Kobling av stilling i Helse Førde og kommunar i Sogn og Fjordane

Søkjarene blir først tilsett i ei stilling ved eitt av dei tre somatiske sjukehusa i Helse Førde. Søkjaren får deretter rett til tilsetjing i ein av kommunane i fylket som helseføretaket samarbeider med og som er knytt til sjukehuset ved utlysinga. Søkjaren skal få tilsetjing i kommune og melding om det totale løpet innan 6 månader før teneste i kommunen starter.

Helseføretaket har ikkje ansvar for at det vert tilgjengeleg turnuslege til alle samarbeidskommunane til eikvar tid. Årsaker kan her vere ikkje fullført/godkjent teneste, avbrot grunna graviditet/fødsel etc. Turnuslege som får permisjon på grunn av svangerskap,

foreldreperiode eller langvarig sjukdom, skal få tilbud om turnusstilling i kommunen utan utlysing når stilling blir ledig. Dersom permisjon blir gitt før tilsetjing i kommune, avgjer felles arbeidsgruppe nedsett av partane kven av dei samarbeidande kommunane som skal tilby ledig stilling til turnuslegen.

## 6. Kriterium ved tilsetjing av turnuslegar

Den best kvalifiserte søkjaren skal veljast, og dette skjer etter ei heilskapleg vurdering der utdanning, erfaring og personlege eigenskapar inngår. Følgjande vil bli vektlagt:

Utdanning:

- Fagleg styrke (ut frå vurderingar i studiet og om studiet er fullført på normert tid)
- Tilleggsutdanning i andre relevante fag enn grunnutdanninga.

Erfaring:

- Relevant yrkeserfaring før, under eller etter medisinstudiet. Innhald og lengd vil telje.

Språkkrav:

- For framandspråklege søkjarar vil følgjande minimumskrav gjelde:
  - a) Bestått norskeksamen trinn III ved norsk universitet eller høgskole med karakter B både munnleg og skriftleg.
  - b) Bestått norsk språktest, høgare nivå (Bergenstesten) med minimum 500 poeng eller karakter bestått både munnleg og skriftleg.

Dette gjeld ikkje søkjarar frå Sverige og Danmark.

- Søkjarane skal kunne forstå norsk og gjere seg forstått på norsk på ein god måte, både munnleg og skriftleg. Her vil det generelle intrykket av språkforståing ved intervju (telefonisk) telje med.

Personlege eigenskapar:

- Vurdering av kor skikka kandidaten er for stillinga gjennom referansar, attestar og eventuelt intervju, eller ut frå tidlegare kjennskap til søkjaren.

Andre forhold:

- Kjennskap til norsk helsevesen og norsk regelverk.
- Deltaking i relevante forskings- og kvalitetsprosjekt.

Aktuelle kriterier vil bli vekta slik i ei første vurdering av søkerane der tre kandidatar blir utvalde for kvar stilling:

Kriterium	Vekt
Fagleg styrke *	0,5
Relevant tilleggsutdanning	0,5
Relevant yrkeserfaring	0,5
Språkkunnskapar	0,5
Personlege eigenskapar	0,5
Kjennskap til norsk helsevesen og norsk regelverk	0,5
Forsking, kvalitetsprosjekt	0,5

Minimumskrav for utanlandske søkerar:	
a)	Bestått norskeksamen trinn III ved norsk universitet eller høgskole med karakter B både munnleg og skriftleg.
a)	Bestått norsk språktest, høgare nivå (Bergstesten) med minimum 500 poeng eller karakter bestått både munnleg og skriftleg.
Dette gjeld ikkje søkerar frå Sverige og Danmark.	
* Ut frå vurderingar i studiet og om studiet er fullført på normert tid.	
Der kandidatane elles står likt, kan ein vektlegge kjennskap til lokale forhold og interesse for fag/fordjuping i fag der Helse Førde har særlege rekrutteringsbehov.	

## 7. Rettleiing av turnuslegar og utdanning av rettleiarar

Rettleiingsfunksjonen er ein viktig del av turnuslegeopplæringa. Alle turnuslegar får tildelt ein personleg rettleiar ved oppstart av tenesta på dei ulike avdelingane i helseføretaket. Føretaket tek også sikte på styrking av denne rettleiarkompetansen gjennom eigne kurs og tilleggsutdanning frå t.d. Høgskulen i Sogn og Fjordane, alternativt legeforeininga, eller i regi av Helse Vest.

Turnuslegane får tilbod om eit introduksjonprogram i samband med oppstart i helseføretaket.

Fylkesmannen tilbyr turnuslegane kurs i akuttmedisin.

Alle turnuslegar vil ha ein personleg rettleiar i tenesta i kommunen. Fylkesmannen har ansvar for kurs i rettleiingspedagogikk for turnusrettleiarar i kommunane og for grupperettleiing av turnuslegar. I tillegg vil Fylkesmannen arrangere halvårlege kurs for turnuskandidatar (legar, fysioterapeutar og kiropraktorar) som tek opp samfunnsmedisinske emne og går over to dagar.

## 8. Prosess ved utlysning og tilsetjing av turnuslegar

Helse Førde har frå starten av ordninga (2013) til saman 18 turnuslegestillingar kvart halvår i portalen. Endringar i dette talet må avtalast med Helse Vest.

Modell for kobling og gjennomføring av utlysning skal skje etter drøfting mellom Helse Førde og oppnemnte representantar frå KS. Fylkesmannen kan etter avtale også medverke.

Det blir gjennomført utlysning av stillingane med ei annonse som omtalar stillingar /tilsetjingar i Helse Førde og dei aktuelle kommunane i fylket.

Stillingane i Helse Førde er i utgangspunktet fordelte slik (dette kan bli endra):

- a) Hovudteneste ved Nordfjord sjukehus (kirurgisk/ortopedisk del 6 mndr. ved Førde sentralsjukehus). 6 turnuslegestillingar.
- b) Hovudteneste ved Lærdal sjukehus (kirurgisk teneste 3 mndr. ved Førde sentralsjukehus). 4 turnuslegestillingar.
- c) Hovedteneste ved Førde sentralsjukehus: 8 turnuslegestillingar.

Dersom det er fleire turnusplassar i kommunane enn det er turnuslegestillingar i Helse Førde, skal dei overskytande få tildelt turnuslege etter avtale med Helse Møre og Romsdal. Kva kommunar som ikkje skal delta i utlysinga, men få tildelt turnuslege på denne måten, skal rullere etter alfabetet for kvar tilsettingsrunde. Dette med mindre kommunar ytrar ønskje om å få turnuslege frå Helse Møre og Romsdal.

Søklarane har høve til å gi melding om kva type teneste (2-delt eller 3-delt med psykiatri) dei ønskjer i Helse Førde og kva kommune dei ønskjer turnusplass i.

Helse Førde gjennomfører ei første vurdering av søklarane ut frå vanlege arbeidsrettslege prinsipp og fastsette kriterium, jfr pkt 6, og vel som eit utgangspunkt ut 3 søklarar til kvar stilling.

KS oppnemner ein representant frå kommunane til å delta i dei vidare vurderingane i samband med tilsetjing i helseføretaket.

Ein tillitsvald i helseføretaket deltek i heile tilsetjingsprosessen relatert til føretaket.

Ved fordeling av turnuslegar til dei aktuelle kommunane i området skal KS oppnemne 3 representantar for kommunane. Dersom turnuslege ønskjer å byte kommuneplass, må det skje ved at den tilsette seier opp sin plass i kommunen og søker ny stilling som er utlyst i samsvar med regelverket.

Stillingar som ikkje er besette (heilt eller delvis), vil ved behov bli utlyste fortløpande som «restplass» i Turnusportalen.

Det blir sendt ut tilbod til dei som står øvst på innstillingslista etter drøfting mellom Helse Førde og kommunane sine representantar. Tilboda skal utsendast koordinert

same dag for alle stillingar i Turnusportalen, og alle kandidater har same frist til å svare. Kandidatar som får flere tilbod kan dermed vurdere desse opp mot kvarandre.

Helse Førde peiker ut koordinator/kontaktperson for prosessane som Helse Førde skal ta ansvar for etter denne avtalen. Dette gjeld igangsetting av utlysings- og tilsettingsprosessane til rett tid gjennom året, tilsettingar i Helse Førde og naudsynt oppfølging og informasjon m.v. Helse Førde ivaretek sitt arbeidsgjevaransvar overfor turnuslegar tilsett i helseføretaket, og følgjer opp ved eventuelle permisjonar medan turnuslegane er tilsett der. Helse Førde varsler kommunal kontaktperson og lyser ut vikarstilling /restplass. Fylkesmannen ivaretek kontakten med SAK og gir melding til kommunal kontaktperson når det er avklart frå SAK om det er turnuslegar som har hatt permisjon og som har rettar ved tilsetting i kommunane.

Kommunal kontaktperson syter for innkalling til møte for fordeling av turnuslegar på kommunar, utsending av meldingar til kandidatane og oppfølging av spørsmål knytt til fordelinga. Den enkelte kommune har ansvar for tilsetjingsbrev til turnuslegen og ivaretaking av det vidare arbeidsgjevaransvaret. Dette gjeld og permisjonar og utlysing av restplassar på turnusportalen. Ved utlysing av restplassar kan Helse Førde bistå etter behov.

Det har vore fastsett ein overgangsperiode frå 15. august til 1. september 2013, og frå 15. februar til 1. mars 2014. Helsedirektoratet har tilrådd at arbeidsgjevar inngår forlenga kontraktar for dei legane som er i overgangen sjukehus til kommune. Dette gjeld både for august/september 2013 og februar/mars 2014.

## **9. Evaluering og kvalitetsutvikling**

Partane skal møtast årleg for evaluering og vurdering av forbetringar i ordninga.

## **10. Forholdet til rammeavtalen**

Føresegner i rammeavtale mellom xx kommune og Helse Førde gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

## **11. Handtering av usemje**

Usemje skal partane handsame etter reglane i rammeavtalen.

## **12. Misleghald**

Dersom ein av partane misleghald sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet bli kravd dekkja av den som misleghald avtalen.

### **13. Avtaletid, revisjon og oppseiing**

Avtalen trer i kraft frå 01.11.14, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamnleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

-----

Dato

-----

xx kommune

-----

Helse Førde HF